



Opplæringskontoret  
SØRE SUNNMØRE

# Bli LÆRLING!

Informasjon til deg som  
skal søke lærepllass





## Slik søker du lærepass

- Skal du söke lærepass må du registrere söknaden din på vigo.no
- I tillegg må du sende söknad til Opplæringskontoret
- Alle bedrifter legg stor vekt på at du er motivert og interessert.  
Kontakt bedrifter og opplæringskontor pr. telefon og send skriftleg söknad med CV og gjerne ved personleg frammøte
- Kontakt bedrifter tidleg, det aukar sjansen for å få lærepass

## Kvar finn du lærepassane?

- Heimesida til fylkeskommunen
- Aviser og tidsskrifter
- [www.nav.no](http://www.nav.no)
- Bedriftene sine heimesider
- Opplæringskontor og opplæringsringar
- Snakk med dei du kjenner (nettverk)
- Facebooksida "Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre"
- Facebooksida "Lærling Møre og Romsdal"
- Om favorittbedrifta di ikkje har lyst ut ledig lærepass, ta kontakt og overbevis om at dei treng akkurat deg

## Vær aktiv

Som lærling blir du tilsett i ei lærebedrift. Bedriftene/Opplæringskontoret vel sjølv om dei skal ta inn ein lærling og kven dei vil tilby lærekontrakt. Ein lærepass blir ikkje tildelt på same måte som ein skulepass. Det kan vere heilt avgjerande at du sjølv gjer ein innsats for å skaffe deg lærepass.

Utdanningsavdelinga formidlar informasjon om sökarar til lærepass i lærebedrifter som ynskjer lærlingar. Bedrifta mottek opplysningar om sökaren sitt namn, adresse, fødselsdato, telefonnummer, e-postadresse, manglande frammøte og emnet som er valt i Prosjekt til fordjoping på Vg2. Bedrifta/Opplæringskontoret vel deretter kven dei vil ta inn til intervju, og kven dei vil tilsette som lærling.

**Som fagarbeidar  
blir du meir  
attraktiv i arbeids-  
marknaden!**



## Tilbod om lærepass

Får du tilbod om lærepass vert opplæringsretten din innfridd, sjølv om du takkar nei til plassen eller intervju. Du kan likevel skaffe deg lærepass på eiga hand, men du vil ikkje lenger ha krav på skulepass eller hjelp frå Utdanningavdelinga.

## Frå Opplæringskontoret

Alle som söker får svarbrev om at söknad er motteke. Söknadshandsaming og vurdering blir starta når söknadsfrist er ute 1. mars. Aktuelle sökjarar vil bli kalla inn til intervju.

### Facebook:

Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre

### Instagram:

[soresunnmore\\_opplaeringskontor](https://www.instagram.com/soresunnmore_opplaeringskontor/)

## Kva skjer nå

- **1. mars:** Söknadsfrist for vidaregåande opplæring gjennom vigo.no. Innlogging skjer via MinID. 1. mars er også frist for söknaden til Opplæringskontoret
- **Medio mars:** Utdanningsavdelinga sender opplysningsar om sökarar til godkjende lærebedrifter.
- **Medio april:** Du vil finne oversikt over kva for bedrifter din söknad er sendt til på vigo.no
- **Juni:** E-post/SMS frå Utdanningsavdelinga. Brev frå Utdanningsavdelinga med svar-skjema som MÅ sendast i retur.
- **August:** Brev til dei som fortsatt står utan lærepass om ev. Vg3 fagopplæring i skole med svar-skjema som MÅ sendast i retur.

# Søknad og intervju

## SØKNAD

- Skriv kvifor du har valt faget ditt og kvifor du ynskjer lærepllass i akkurat den bedrifta. Om du har høgt fråvær, forklar årsaka.
- Legg ved CV som beskriv bakgrunn, skule og arbeid, hobbyar og interesser. Fortel kva du har gjort i faget Yrkesfaglig fordjupning. Gode attestar frå utplasseringsbedrift eller anna arbeid er verdifulle vedlegg.

## INTERVJU

Blir du innkalla til intervju, betyr det at bedrifta er interessert i deg. Vis kvifor dei skal velje akkurat deg.

## PÅ FØREHAND MÅ DU TENKE OVER

- Vil bedrifta/Opplæringskontoret rekne fråveræt ditt frå skulen som høgt?
- Kva er årsaken til fråværet?
- Har du referansar som kan bekrefte at du er påliteleg (sommarjobb, helgejobb, tillitsverv o.a.)?
- Har du bestått i alle fag?
- Om ikkje, kva plan har du for å ta opp at faga?
- Grunngjevnad for val av yrke/utdanning:  
Kva er bra ved yrket?  
Kvífor er du rett person til yrket?
- Er det aktuelt å söke berre eit  
lærefag eller fleire?

**Vi er her for  
å hjelpe deg!**

Har du spørsmål kan  
du ringe til OKSS.



**Opplæringskontoret  
SØRE SUNNMØRE**



Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre  
[post@opplaeringytre.no](mailto:post@opplaeringytre.no) | Tlf: 95831180  
Smårisevadet 15 | 6065 Ulsteinvik

**Facebook:**  
Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre  
**Instagram:** [soresunnmore\\_opplaeringskontor](https://www.instagram.com/soresunnmore_opplaeringskontor/)

Yvonne Sjåstad mob. 481 40 641 | [yvonne@opplaeringytre.no](mailto:yvonne@opplaeringytre.no)  
Anne-Mari Pilskog mob. 958 31 180 | [anne.mari@opplaeringytre.no](mailto:anne.mari@opplaeringytre.no)